

# Rettleiar til forskrift om smittevern i helsetenesta



Rettleiar til forskrift  
om smittevern  
i helsetenesta

**Smittevern 15**  
Nasjonalt folkehelseinstitutt

**Tittel:**  
Rettleiar til forskrift om smittevern  
i helsetenesta

**Publisert av :**  
Nasjonalt folkehelseinstitutt  
Postboks 4404 Nydalen  
NO-0403  
Norway

Tel: 22 04 22 00  
E-mail: folkehelseinstituttet@fhi.no  
www.fhi.no

**Omslag:**  
Per Kristian Svendsen

**Layout:**  
Grete Søimer

**Forsidebilde:**  
Bernt Eide

**Fotos:**  
Side 13 og 24: Professional Science  
Side 16 og 27: Bernt Eide

**Trykk:**  
Nordberg Trykk AS

**Opplag:**  
5000

**Bestilling:**  
publikasjon@fhi.no  
Fax: +47-23 40 81 05  
Tel: +47-23 40 82 00

ISSN: 1500-8479  
ISBN: 82-8082-171-6 trykt utgave  
ISBN: 82-8082-172-4 elektronisk utgave

---

# Forord

Smittsamt sjukdommar har alltid spelt ei sentral rolle for samfunnsutviklinga og hatt stor innverknad på det enkelte menneskets liv og helse. I vår del av verda har vi i den seinare tida klart å få god kontroll over enkelte sjukdommar, men likevel møter vi stadig nye utfordringar. Førekosten av infeksjonar forårsaka av resistente mikrobar aukar. Nye sjukdomsframkallande mikrobar blir oppdaga, og tidligare kjente mikrobar endrar eigenskapar og får større evne til å skape infeksjonar. Behandlinga av ulike sjukdommar blir stadig meir avansert, men dette kan samstundes føre til fleire utfordringar med å hindre smitte og utvikling av infeksjonar.

Infeksjonar som oppstår som følge av opphald på sjukehus eller andre helseinstitusjonar, er ei spesiell utfordring. I dag reknar ein med at meir enn 45 000 pasientar årleg får ein sjukehusinfeksjon ved norske sjukehus, til ein meirkostnad på opp mot 1 milliard kroner.

Å oppnå godt smittevern handlar i stor grad om å arbeide systematisk. Eit systematisk smittevern-arbeid inneber til dømes å syte for at alle arbeidstakarar til eikvar tid har kjennskap og tilgang til prosedyrar som er aktuelle. Vidare er det viktig å etablere eit system for overvaking av infeksjonar slik at ein raskt kan oppdage og avgrense utbrot av infeksjonar.

Forskrift av 17. juni 2005 nr. 610 om smittevern i helsetenesta har erstatta forskrift av 5. juli 1996 nr. 699 om smittevern i helseinstitusjonar – sjukehusinfeksjonar. Den nye forskrifta er eit uttrykk for større merksemd på alle forbetringstiltak som kan styrkje smittevernet i institusjonar.

Denne rettleiaren til forskrifta er primært meint som eit verktøy for dei verksemdene som no får plikt til å ha infeksjonskontrollprogram og dei verksemdene som ikkje tidligare har utarbeidd eit slikt program. Rettleiaren kan også vere til nytte for andre verksemdar.

Arbeidet med rettleiaren har vore leia av Petter Elstrøm ved Folkehelseinstituttet. Hygienesjukepleiar i Helse Fonna Leif Steinar Alfsvåg har skrivne utkasta, medan medlemmene i ei referansegruppe har komme med nyttige innspel undervegs i prosessen. Medlemmene i referansegruppa var: Bodolf Hareide (Sosial- og helsedirektoratet), Anne Grete Robøle (Helsetilsynet), Reidar Hjetland (Helse Førde HF), Ann Iren Kjønneøy (Helse Nordmøre og Romsdal HF), Johan Nøjd (Nordlandssykehuset HF), Glenn Severinsen (Tromsø kommune), Oddlaug Hammersborg (Sykehuset Østfold HF), Tone Anundsen (Sykehuset i Vestfold HF), Marit Hermansen (Grue kommune) og Eva Benedicte Liahjell (Ålesund kommune).

Lykke til i arbeidet med å sikre eit godt smittevern!

Nasjonalt folkehelseinstitutt, juni 2006

Geir Stene-Larsen  
Direktør

---



# Innhold

Forord	3
<b>1 Systematisk smittevernarbeid</b>	<b>6</b>
1.1 Bakgrunn	6
1.2 Infeksjonskontrollprogram	7
1.3 Infeksjonskontrollprogram, internkontrollsystem og kvalitetssystem	7
1.4 Å vurdere risiko og identifisere kritiske forhold	8
1.5 Virkeområde, ansvar og organisering	9
1.6 Korleis komme i gang og komme vidare	12
1.7 Dokumentstyring og internrevisjon	13
<b>2 Innhaldet i infeksjonskontrollprogrammet</b>	<b>15</b>
2.1 Jobb lurt – førebygg infeksjonar	15
2.2 Grunnleggjande smitteverntiltak	16
2.3 Spesifikke tiltak	25
2.4 Infeksjonsovervaking	32
Vedlegg 1: Forskrift med merknader	36
Vedlegg 2: Oversikt over innhald i infeksjonskontrollprogram	47
Vedlegg 3: Nyttige lenker	50
Vedlegg 4: Aktuelt lovverk og rettleiing	51
Referanseliste	53
Stikkordliste	55

# 1 Systematisk smittevernarbeid

## 1.1 Bakgrunn

Gjennom forskrift om smittevern i helseinstitusjoner – sykehusinfeksjoner har sjukehus og sjukeheimar sidan 1996 vore pålagde å ha infeksjonskontrollprogram. For dei aktuelle verksemdene inneber dette krav om å utarbeide eit skriftleg program for det infeksjonsførebbyggjande arbeidet ved institusjonen.

*Infeksjonskontrollprogram blei pålagt i 1996*

Helsedepartementet gav i 2004 ut Handlingsplan for å forebygge sykehusinfeksjoner 2004–2006. I planen varsla departementet at gjeldande forskrift skulle bli gjennomgått og oppdatert for å sikre eit effektivt smittevern i spesialisthelsetenesta og i kommunale helseinstitusjonar. Den reviderte forskrifta som no heiter forskrift om smittevern i helsetjenesten, tredde i kraft 1. juli 2005. I tillegg til sjukehus og sjukeheimar gjeld forskrifta no òg for dagkirurgiske klinikkar og opptreningsinstitusjonar.<sup>1</sup> Dette er verksemdar med til dels store innbyrdes forskjellar med omsyn til oppgåver og omfang av tenester. Felles for alle verksemdene er at dei har pasientar som er særleg mottakelege for infeksjonar, og at dei utfører oppgåver som medfører risiko for smitte. Verksemdene treng difor ei sterk vektlegging av tiltak som held førekomsten av institusjonsrelaterte infeksjonar på eit lågast mogleg nivå.

Til den tidlige forskrift om smittevern i helseinstitusjoner blei det i 1996 utarbeidd ein rettleiar (1). Denne går no ut som rettleiar til forskrifta. Som fagbok vil den framleis kunne vere til nytte fordi den inneheld mange praktiske råd om gjennomføring av ulike smitteverntiltak. Men all omtale og forklaring av innhaldet og krava i forskrifta vil ikkje lenger vere gyldig.

*Rettleiaren skal vere til hjelp ved utarbeiding av infeksjonskontrollprogram*

Rettleiaren til smittevernforskrifta som no ligg føre, er ikkje meint å vere ei fagbok innan smittevern med detaljerte beskrivingar av korleis ulike prosedyrar skal utførast. Denne rettleiaren skal vere til hjelp ved utarbeiding av eigne infeksjonskontrollprogram ved at den gir ei oversikt over kva eit infeksjonskontrollprogram er, kva det skal innehalde og korleis det kan utarbeidast. I tillegg omtalar den organisering av smittevernarbeidet.

Sjukehus har sidan 1996 komme langt i det infeksjonsførebbyggjande arbeidet, og dei fleste institusjonar innan spesialisthelsetenesta har utarbeidd eit infeksjonskontrollprogram. Å halde førekomsten av infeksjonar på eit så lågt nivå som mogleg, handlar i stor grad om stadig å forbetre kvaliteten på den tenesta institusjonen og kvar enkelt helsearbeidar yter. Denne rettleiaren kan hjelpe til med å setje smittevernarbeidet i eit system som sikrar ei stadig kvalitetsforbetring. Sett i lys av dette kan rettleiaren òg vere til nytte for dei som allereie har utarbeidd eit infeksjonskontrollprogram.

*Viktigaste målgruppe er sjukeheimar, opptreningsinstitusjonar og dagkirurgiske klinikkar*

Framleis står mykje arbeid igjen før infeksjonskontrollprogram er utarbeidd for alle sjukeheimar. Ifølgje Helsetilsynet si oppfølging av smittevernet i kommunane 2004, fann ein i halvparten av fylka at dei fleste sjukeheimar mangla infeksjonskontrollprogram (2). I den reviderte forskrifta er virkeområdet utvida til å omfatte opptreningsinstitusjonar og klinikkar som utfører dagkirurgi. Denne rettleiaren er først og fremst mynta på dei institusjonane som i dag ikkje har eit infeksjonskontrollprogram. Det vil seie at den viktigaste målgruppa for denne rettleiaren er sjukeheimar og andre buformer for heildøgns omsorg og pleie, opptreningsinstitusjonar og dagkirurgiske klinikkar.

<sup>1</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 1-2

## 1.2 Infeksjonskontrollprogram

Eit infeksjonskontrollprogram er eit program som omfattar alle nødvendige tiltak for å førebyggje og motverke infeksjonar i institusjonen, og for handtering og oppfølging ved utbrot av slike infeksjonar.

Infeksjonsførebyggjande tiltak ved ein helseinstitusjon skal vere skriftleg nedfelt i eit infeksjonskontrollprogram.<sup>2</sup>

Programmet har to hovudkomponentar: **Infeksjonsførebygging** og **infeksjonsovervaking**. Det skal omfatte alle nødvendige og planlagde tiltak for å førebyggje og motverke infeksjonar i helsetenesta. Dette omfattar òg tiltak for å førebyggje infeksjonar som kan oppstå hos dei tilsette i samband med det arbeidet dei utfører. Samstundes er institusjonane pålagde å ha oversikt over infeksjonar som oppstår i institusjonen.

Tiltaka i infeksjonskontrollprogrammet må baserast på den smitterisikoen som er vurdert ved verksemda. Det inneber at ein må kartleggje forhold (kritiske punkt) ved drifta som kan medføre smitte.

Infeksjonskontrollprogrammet skal vere eit samla program. Det er difor ikkje tilstrekkeleg at ein viser til eksisterande prosedyrar og arbeidsskildringar som er spreidde i organisasjonen.

## 1.3 Infeksjonskontrollprogram, internkontrollsystem og kvalitetssystem

Infeksjonskontrollprogrammet skal vere ein del av verksemda sitt internkontrollsystem.<sup>3</sup>

Helseinstitusjonar er gjennom ulike lover og forskrifter pålagt internkontroll.<sup>4</sup> Internkontroll inneber systematiske tiltak som skal sikre at aktiviteten ved verksemdene blir planlagt, organisert, utført og halden ved like i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av lovgivinga (3). Hensikten med internkontroll er å oppnå betre kvalitet (4).

Sosial- og helsedirektoratet i samarbeid med Helsetilsynet gav i 2004 ut rettleiar om internkontroll i sosial- og helsetenesta (4). Denne kan vere til god hjelp for verksemdar som er i ferd med å etablere internkontroll. Rettleiaren kan òg brukast som ei sjekkliste for dei verksemdene som allereie har internkontroll eller meir omfattande kvalitetssystem.

Eit kvalitetssystem er eit system som skal sikre at den enkelte verksemda oppfyller alle nødvendige krav til kvalitet. Det gjeld både lovkrav, krav verksemda stiller til seg sjølv og eksterne krav frå brukarar, eigarar eller andre (5).

Kvalitetssystemet er ikkje lovpålagt, men er eit nyttig styringssystem som sikrar at alle interne og eksterne krav til kvaliteten blir følgde. Internkontroll utgjer kjernen i kvalitetssystemet. Her inngår førebygging av infeksjonar som eit sentralt emne. Infeksjonskontrollprogrammet skal vere ein del av internkontrollsystemet, og blir difor òg ein viktig del av kvalitetssystemet ved dei verksemdene som er pålagt eit slikt program.

Den innbyrdes samanhengen mellom infeksjonskontrollprogram, internkontrollsystem og kvalitetssystem kan illustrerast som i figuren på neste side.

<sup>2</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 1-3

<sup>3</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 2-1

<sup>4</sup> Pliktig internkontroll innen områder som har betydning for smittevernet: jf. Lov om statlig tilsyn med helsetjenesten § 3-1 og forskrift om internkontroll i sosial- og helsetjenesten, lov om matproduksjon og mattrygghet mv. § 33 og forskrift om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelovgivingen, lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern og forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter

*Infeksjonskontrollprogrammet er ein del av internkontrollsystemet*

*Hensikten med internkontroll er å oppnå betre kvalitet*





**Figur 1.** Samspelet mellom infeksjonskontrollprogram, internkontrollsystem og kvalitetssystem.

## 1.4 Å vurdere risiko og identifisere kritiske forhold

Infeksjonskontrollprogrammet skal tilpassast den enkelte verksemda og vere basert på ei risikovurdering og identifisering av kritiske punkt i institusjonen.<sup>5</sup>

For at infeksjonskontrollprogrammet skal kunne tene formålet, må det vere godt tilpassa institusjonen og lett å bruke og følgje i det daglige arbeidet. Ei god tilpassing krev at ein veit kva for problem og utfordringar ein står overfor. Før ein utformar infeksjonskontrollprogram, treng ein difor først å kartleggje alle forhold som kan medføre smitte (kritiske punkt), og deretter vurdere den risikoen desse medfører.

Identifisering av kritiske punkt og vurderinga av risiko for smitte vil så styre kva for tiltak som må beskrivast i infeksjonskontrollprogrammet.

### **Risiko**

Risiko blir uttrykt som sjansen for at smitte kan overførast og konsekvensen dersom smitte skjer. Mange situasjonar frå det praktiske virket viser at risikoen for smitte heng saman med utføring av den enkelte arbeidsoperasjonen. To kjende situasjonar kan eksemplifisere dette:

- Å unnlate desinfeksjon av hud før innsetjing av ein perifer kanyle vil medføre ein større risiko for infeksjon enn å utføre huddesinfeksjon slik overordna retningslinjer tilrår.
- Å unnlate handhygiene vil resultere i auka infeksjonsrisiko spesielt for pasientar med nedsett infeksjonsforsvar.

### **Risikovurdering**

Mange aktivitetar og handlingar i helsetenesta inneber ein fare for overføring av smittestoff. Bakgrunnen for å klassifisere enkelte aktivitetar som meir farefulle enn andre, må vere basert på ei fagleg vurdering. Kunnskap, basert på erfaring og studiar, gir gode haldepunkt for kva for forhold som representerer større smittefare enn andre. For å etablere eit relevant og gyldig grunnlag for ei risikovurdering, er det nødvendig med god kontakt med både fagfolk i praktisk teneste og fagpersonar innan smittevern (2).

Kartlegging og påfølgjande risikovurdering er ein føresetnad for arbeidet med risikoreduerande tiltak. Omfanget av risikovurderinga vil variere avhengig av kva slags arbeid som blir

<sup>5</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 2-1

utført og kor mottakelege dei ulike pasientane er for smitte. Alle verksemdar som er omfatta av smittevernforskrifta, bør gå igjennom dei interne prosedyrane for å kartleggje aktivitetar og område som representerer ein fare for overføring av smittestoff.

Risikovurderingar er òg pålagde gjennom andre forskrifter: forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) og forskrift om vern mot eksponering for biologiske faktorer på arbeidsplassen. Desse stiller krav om at risikovurderinga skal vere skriftleg utforma og oppdatert på ein oversiktleg måte, slik at ein ved gjennomsyn kan få ei stadfesting på at forskrifta blir følgd.<sup>6</sup>

Risikovurderinga skal oppdaterast regelmessig, særleg ved endring i arbeidsforhold som har noko å seie for eksponering for biologiske faktorar, eller om resultatata frå til dømes helseundersøkingar viser at det er nødvendig.

Risikovurdering kan setjast opp på følgjande måte:

Uønsket hending	Førekost	Konsekvens	Samla risiko	Eksempel på tiltak
Kateter-assosierte urinvegsinfeksjonar	Svært vanleg	Liten til middels	Stor	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Indikasjonar for bruk av urinvegskateter</li> <li>• Prosedyrar for innlegging og stell av urinvegskateter</li> <li>• Bruk av intermitterande kateterisering i staden for permanent kateter</li> <li>• Opplæring</li> </ul>
Smitte-spreiing med MRSA	Sjeldan til middels	Middels til stor	Stor	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar for: <ul style="list-style-type: none"> <li>• undersøking av pasientar og personale</li> <li>• isolering</li> <li>• behandling og sanering</li> <li>• oppfølging</li> </ul> </li> <li>• Opplæring</li> </ul>

Ei slik risikovurdering som vist i tabellen, viser kva slags forhold som er kritiske for overføring av smitte. Desse må det utarbeidast skriftlege retningslinjer for.

Etter at ein har kartlagt ulike risikoforhold, må ein vurdere om det er behov for å setje i verk ytterlegare risikoreduserande tiltak. Målsetjinga med tiltaka er færre infeksjonar, og dermed reduserte plager for mange pasientar og helsearbeidarar.

## 1.5 Virkeområde, ansvar og organisering

### Virkeområde

Forskrifta gjeld for verksemdar som utfører tenester etter spesialisthelsetenestelova § 1-2 og kommunehelsetenestelova § 1-3 andre ledd nr. 6. Virkeområdet omfattar institusjonar med store forskjellar i oppgåver og tenesteomfang. Felles for alle, om enn i noko ulik grad, er at dei vil ha infeksjonsutsette pasientar, klientar eller bebuarar til undersøking, behandling eller pleie. Sjølv om innhaldet i tenestene vil variere, vil smitteførebyggjande tiltak vere viktige i all tenesteyting.

<sup>6</sup> Jf. Forskrift om vern mot eksponering for biologiske faktorer på arbeidsplassen § 7

**Risikovurderinga kan starte med spørsmåla:**

1. Kva kan gå gale?
2. Kva kan hindre det?
3. Kva kan gjerast for å hindre eller dempe konsekvensane?

Forskrift om smittevern i helsetenesta gjeld for verksemdar som utfører tenester etter:

*Spesialisthelsetenestelova § 1-2:*

- sjukehus
- dagkirurgiske klinikkar
- opptreningsinstitusjonar

*Kommunehelsetenestelova § 1-3 andre ledd nr. 6:*

- sjukeheimar og
- andre institusjonar som tilbyr heildøgns omsorg og pleie

### **Ansvar og mynde**

**Leiinga i kommunen** har hovudansvaret for smittevernet i kommunen. I forskrifta blir det spesifikt peika på at kommunen har det overordna ansvaret for etablering, tilrettelegging og oppfølging av infeksjonskontrollprogram ved dei kommunale institusjonane omfatta av forskrifta. Vidare skal kommunen syte for at nødvendige tenester blir etablerte og at avtalar om bistand blir inngått.<sup>7</sup> Leiinga i kommunen skal òg syte for at helsepersonell får nødvendig opplæring og høve til å halde kunnskapane sine ved like.

Det går fram av forskrifta at leiinga i kommunen saman med **kommunelegen** skal syte for at kommunale institusjonar har tilgang til tilstrekkeleg smittevernekspertise og andre faglege ressursar til å ivareta krava i forskrifta.<sup>8</sup> Ordlyden i forskrifta viser her at både kommuneleiinga og kommunelegen har eit ansvar. Det må ikkje tolkast slik at ansvaret er likt fordelt. Kommunelegen har ei sentral rolle i smittevernarbeidet i kommunen, og har gjennom smittevernlova fått tillagt ansvaret for ei rekkje konkrete oppgåver. Det er likevel slik at det overordna ansvaret for smittevernet i kommunen ligg på leiinga i kommunen.

Den enkelte institusjonens behov for smittevern fagleg bistand skal gjennom kommunelegen leggjast fram for leiinga i kommunen. Leiinga kan så ta initiativ overfor det regionale helseforetaket for å få i stand ein avtale om slik bistand eller på annan måte syte for nødvendig bistand til institusjonane.

Dersom kommunen kjøper tenester av private institusjonar, må dei krevje den same smittevern faglege standarden som i kommunens egne institusjonar.<sup>9</sup>

**Leiinga i den enkelte verksemda** har ansvar for at infeksjonskontrollprogrammet blir utforma, sett i verk og halde ved like.<sup>10</sup> Oppgåver innan smittevernarbeidet kan delegerast, men at ein person får ansvar for enkelte område, fritar ikkje leiinga frå å ha det fulle og heile ansvaret for at institusjonen har eit infeksjonskontrollprogram, at det er oppdatert og blir følgt.

I den grad ansvar for arbeidsområde eller enkelttiltak blir delegert, er det viktig at den ansvarlege òg får nødvendig instruksjonsmynde i organisasjonen. Leiinga må sikre at det er definert kven som har ansvar for samansette funksjonar eller handlingar i tillegg til det individuelle ansvaret helsepersonellet har etter helsepersonellova (5). I infeksjonskontrollprogrammet skal det vere oppgitt kven som har ansvaret for tiltaka som programmet omfattar.<sup>11</sup>

**Sjukeheimslegen** eller tilsynslegen er ikkje gjennom forskrift om smittevern i helsetenesta tillagt spesifikt ansvar for smittevernet ved institusjonen. Ansvaret for institusjonens smittevern ligg på leiinga. Legen har ansvaret for den medisinske behandlinga.<sup>12</sup> Overfor pasientar med

<sup>7</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 3-2

<sup>8</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 2-4

<sup>9</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 3-2

<sup>10</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 2-1

<sup>11</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 2-1

<sup>12</sup> Jf. Forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie § 3-2

*Leiinga i kommunen har hovudansvaret for smittevernet i kommunen*

*Leiinga i institusjonen har ansvar for at verksemda har eit infeksjonskontrollprogram, at det er oppdatert og blir følgt*

smittsame sjukdommar er legen pålagt visse oppgåver gjennom smittevernlova, som til dømes plikt til å undersøkje, utføre smitteoppsporing og melde smittsame sjukdommar. Ut over dette er det ein fordel om institusjonens lege blir trekt inn som medisinskfagleg rådgivar i spørsmål som har med smittevern å gjere. Institusjonens lege bør kunne gi råd og rettleiing om smitteverntiltak knytte til enkeltsjukdommar, gi hjelp ved oppklaring og kontroll av infeksjonsutbrot og bidra i infeksjonsregistreringa.

På sjukehus skal det vere tilsett eige smittevernpersonell inklusiv ein **smittevernlege** som skal koordinere smittevernet innan institusjonen.<sup>13</sup> Som på andre helseinstitusjonar er det leiinga ved verksemda som har hovudansvaret for smittevernet. I den grad eit spesielt ansvar blir delegert frå leiinga, må det òg følgje med nødvendig mynde.

I forskriftas § 2-3 og i merknadane til paragrafen blir det peika på at leiinga skal syte for at institusjonen har tilstrekkeleg med personale som har smittevern som hovudoppgåva si, og at dei må få sett av nok tid til å utføre oppgåvene sine. I kvalitetsutvalet ved verksemda skal det sitje personar med kvalifikasjonar innan sjukehushygiene. I saker som omhandlar smitte, er smittevernlegens tenesteveg direkte til leiinga.<sup>14</sup>

**Alle tilsette** på verksemdar som er omfatta av forskrifta, har eit sjølvstendig ansvar for å praktisere etter dei krav, retningslinjer og prosedyrar som er skissert i infeksjonskontrollprogrammet.

### **Organisering i kommunen**

Den enkelte kommunen står fritt til å velje korleis ei heilskapleg teneste på dette området skal organiserast. Når det gjeld institusjonanes behov for smittevern fagleg bistand, kan kommunen ta initiativ overfor det regionale helseforetaket om avtale om slik bistand. Regionale helseforetak skal utarbeide tilbod om bistand innan smittevern til kommunale institusjonar i regionen, dersom kommunen ønskjer det.<sup>15</sup> Men kommunen står fritt til å velje om den ønskjer å kjøpe bistandsteneste frå helseforetak under det regionale helseforetaket, hos andre tilbydarar eller utvikle det sjølv. Ein alternativ modell er at fleire kommunar i fellesskap inngår samarbeid med helseforetak om smittevernbistand. Kostnadane kan dermed bli lågare for kvar kommune.

Uavhengig av kva for modell kommunen vel for smittevern fagleg bistand, bør kvar enkelt institusjon peike ut ein smittevernkontakt som kan ivareta det konkrete samarbeidet mellom institusjonen og dei som yter smittevern fagleg bistand. Smittevernkontaktane bør ha spesielle oppgåver i smittevernarbeidet i institusjonen og vere institusjonens kontaktperson både ved eksterne og interne spørsmål som angår smittevernet. Erfaring frå fleire kommunar har vist at dette er ein fordel både i arbeidet med infeksjonskontrollprogrammet og når smitteverntiltaka skal implementerast i den daglege drifta. Smittevernkontakta bør samarbeide tett med sjukeheimslegen og kommunelegen, og kan til dømes leie arbeidet med å utvikle infeksjonskontrollprogrammet, samordne infeksjonsregistreringa, koordinere tiltak ved infeksjonsutbrot eller når det elles er behov for forsterka smitteverntiltak.

Det er òg ein fordel om ein har spesielle kontaktar på kvar avdeling og/eller i ulike yrkesgrupper ved institusjonen som bidrar til å utvikle tiltaka i infeksjonskontrollprogrammet og til at disse blir implementert i arbeidet ved eiga avdeling.

Sjølv om spesifikke oppgåver blir tillagt ein eller fleire personar, ligg hovudansvaret for smittevernarbeidet på leiinga i verksemda.

<sup>13</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 2-3

<sup>14</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 2-3

<sup>15</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 3-1

*Alle sjukehus skal ha ein smittevernlege*

*Hovudansvaret for smittevernet på sjukehuset ligg hos leiinga*

*Kommunale helseinstitusjonar bør ha egne smittevern-kontaktar*

## 1.6 Korleis komme i gang og komme vidare

Å førebyggje infeksjonar og hindre smitte er eit kontinuerlig kvalitetsarbeid. Ei sentral oppgåve for leiinga er å skape ein organisasjonskultur der dei tilsette blir dregne med som aktive aktørar i eit stadig forbetningsarbeid. For å kunne få til ein slik forbetningsprosess, må medarbeidarane vere motiverte og ha oppdaga at dette er ein integrert del av drifta (4).

Eit infeksjonskontrollprogram som til ei kvar tid er verksamt, må igjennom følgjande fasar: kartleggings- og utgreiingsfase, handlings- og implementeringsfase og evalueringsfase.

Det tyder i praksis at ein må starte med å **planleggje**. Planlegginga omfattar mellom anna å kartleggje kva for tiltak som er nødvendige for å sikre eit godt smittevern ved verksemda. Deretter må ein **utføre** ved å skrive infeksjonskontrollprogrammet og følgje tiltaka i programmet. Neste skritt blir å **kontrollere** at tiltaka blir følgde og sjå på kor godt dei fungerer. Det som ikkje fungerer optimalt eller ikkje er i tråd med myndigheitskrava, må **korrigeras**. Dette er eit arbeid som ikkje tar slutt, men som fører til ei stadig forbetring av kvaliteten på tenesta.

Under følgjer nokre spørsmål som bør svarast på i dei ulike fasane:

### Kartleggings- og utgreiingsfase

Grunnlaget for at verksemda skal utarbeide eit infeksjonskontrollprogram, må komme klart fram. Det omfattar ei oversikt over krav og råd i lover, forskrifter og overordna retningslinjer.

- Kva for lovkrav eksisterer?
- Kva ved drifta medfører økt risiko for smitte (kritiske punkt)?
- Kva for prosedyrar er i bruk og verksame?
- Kva for prosedyrar må utarbeidast eller reviderast?
- Kva for ressursar i eller utanfor institusjonen kan vi byggje på?

### Handlings- og implementeringsfase

Det er viktig å utarbeide eit infeksjonskontrollprogram som er konkret og godt tilpassa drifta.

- Er ansvarsforholda klare?
- Er arbeidet forankra hos leiinga?
- Er aktuelle personellgrupper informert og fått nødvendig opplæring?
- KVEN gjer KVA og KORLEIS?

### Evalueringsfase

Det er viktig at ein jamleg går gjennom infeksjonskontrollprogrammet med sikte på å oppretthalde eit høgt kvalitetsnivå. Programmet bør reviderast minst ein gong i året.


- Har det komme nye lovkrav som må innarbeidast i infeksjonskontrollprogrammet?
- Har det skjedd endringar ved drifta, og er alle kritiske punkt omtalte i programmet?
- Er praksis i samsvar med skisserte tiltak?
- Er det forbetningsområde?

### Moglege hindringar på vegen

Det største arbeidet kan ofte vere å implementere tiltaka slik at dei blir følgde av alle i den daglege drifta. Det er viktig at ein planlegg korleis opplæring og implementering skal gjennomførast, og set av nok ressursar til det.

Det kan òg vere greitt å ha kjennskap til erfaringar andre har gjort i arbeidet med internkontroll og kvalitetsforbetring. Rettleiaren om internkontroll i sosial- og helsetenesta peikar på nokre fallgruver (4):

- **Gamle rutinar blir ikkje oppheva.** Det er viktig å vere merksam på rutinar og ordningar som ikkje fungerer optimalt, og forbetre eller oppheve desse.
- **Rutinar blir utarbeidde, men ikkje innførte.** Dersom ein utset arbeidet med å innføre nye rutinar, aukar risikoen for at endringar og nødvendige forbetringar ikkje blir gjort.



- **Alt blir gjort skriftleg.** Arbeidet med opplæring og implementering kan bli vanskeleg dersom infeksjonskontrollprogrammet blir for omfattande. Vurder difor nøye kva for tiltak som skal dokumenterast skriftleg.
- **Ein fokuserer ikkje på forbettringspotensial i svikt og manglar, men snarare på kven som har gjort feil.** Det er viktig å setje inn strakstiltak som rettar opp svikt og manglar, og i tillegg setje i verk tiltak som kan hindre at den same feilen oppstår på nytt. Ein kultur der ein einsidig er på jakt etter "syndebukkar", kan lett føre til at dei faktiske forholda blir tilslørte, og at moglegheitene for forbetring dermed blir reduserte.

## 1.7 Dokumentstyring og internrevisjon

Infeksjonskontrollprogrammet bør utarbeidast etter tilsvarende mal som er brukt i verksemda sitt internkontrollsystem. Det inneber at ein bør ha dei same rutinane for dokumentstyring og internrevisjon som i system for internkontroll.

Det ligg føre ein eigen standard for styring av dokument (5). Bakgrunnen for standarden er at ein skal sikre styring av versjonsnummer, godkjenning og annan identifikasjon av dokumenta. Oppdatering, distribusjon og arkivering er i tillegg sentrale punkt i standarden. Eit dokumentstyringssystem skal gjere det enklast mogleg å leite fram det ein treng. Samstundes er det viktig at ein nyttar den gyldige versjonen.

Bruk av elektronisk verktøy for styring og organisering av infeksjonskontrollprogrammet vil vere føremålstenleg. Dokument som er lagra i eit felles datasystem, er meir tilgjengelege og enklare å halde ved like enn papirversjonar. For dei verksemdene som må ha papirversjon, er det viktig å ha eit system som sikrar at alle permar er oppdaterte.

Med internrevisjon skal ein her forstå systematisk undersøking for å fastslå om aktivitetane og resultatata samsvarar med det som er planlagt, og om dei er effektivt gjennomført og er tenlege for å oppnå måla.

I internrevisjonen skal det inngå risikovurderingar, kontrollar og undersøkingar av verksemda sitt infeksjonskontrollprogram.

Institusjonsleiar er ansvarleg for at infeksjonskontrollprogrammet blir halde ved like og bør mellom anna syte for at internrevisjon av infeksjonskontrollprogrammet blir gjennomført regelmessig. Kor ofte ein bør utføre internrevisjon, avheng av fleire forhold. Til dømes kan endringar i drifta, nye eksterne lovkrav eller oppdaging av manglar i programmet synleggjere eit behov for ein gjennomgang av dei skriftlege tiltaka i programmet og ein gjennomgang av praksis. Som eit minimum bør internrevisjon gjennomførast ein gong i året.

Det kan òg til tider vere fornuftig å utføre revisjon innan avgrensa område. Dette vil vere ein forenkla revisjon der ein vurderer gjennomføringa av eitt eller nokre område, som til dømes handhygiene eller bruk av urinvegskateter.

Gjennomføringa av intern revisjon kan delegerast til andre. Utfylt skjema skal oppbevarast saman med infeksjonskontrollprogrammet.



Rettleiar om internkontroll i sosial- og helsetenesta

### **Praktiske råd**

- Infeksjonskontrollprogrammet skal vere skriftleg.
- Programmet skal vise kven som har ansvaret.
- Tiltaka skal vere konkrete, aktuelle og tilpassa verksemda.
- Bygg infeksjonskontrollprogrammet inn i det internkontrollsystemet og kvalitetssystemet som verksemda allereie har. Bruk same mal.
- Hugs at det er den enkelte medarbeidaren som utfører kvalitetsarbeidet i praksis. Kvar medarbeidar har dermed ei viktig rolle i kvalitetsutviklingsprosessen.
- Peik ut ein smittevernkontakt til å leie arbeidet. Set saman ei gruppe som kan utarbeide programmet og bidra til å implementere tiltaka i kvar avdeling.
- Samarbeid med kommunelegen og andre institusjonar i kommunen.
- Lær av andres erfaringar. Sjå på andre kommunars infeksjonskontrollprogram.
- Lag ein plan for å gjere programmet kjent og for intern opplæring i tiltaka i programmet.

### **Utfyllande litteratur til kapittel 1**

- Forskrift om smittevern i helsetjenesten (6). Sjå vedlegg 1
- Handlingsplan for å forebygge sykehusinfeksjoner 2004–2006 (7)
- Hvordan holde orden i eget hus. Internkontroll i sosial- og helsetjenesten (4)

# 2 Innhaldet i infeksjonskontrollprogrammet

## 2.1 Jobb lurt – førebygg infeksjonar

Det er ein klar samanheng mellom gjennomføring av smitteverntiltak og førekomsten av infeksjonar. Mange studiar viser at det er mogleg å redusere talet på infeksjonar og dermed redusere lidningane for pasientane (8,9).

Dersom helsearbeidarar etterlever grunnleggjande tiltak innan smittevern (standardtiltak) i kontakt med pasientane, er føresetnaden for eit effektivt vern mot infeksjonar til stades. For å oppnå god effekt, må standardtiltaka etterlevast av alt helsepersonell overfor alle pasientar uavhengig av diagnose eller mogleg infeksjonstilstand.

Ved å tenkje smittevern i alle arbeidssituasjonar, bidrar ein til å redusere smittefaren for både pasientane og seg sjølv som tilsett. Det overordna målet er at ein sparar pasientane for lidingar og samfunnet for ekstra kostnader. Smittevern er kostnadseffektivt.

Dette kapittelet tar for seg dei viktigaste tiltaka innan smittevern. Desse tiltaka skal òg beskrivast i infeksjonskontrollprogrammet.

### Leiingas oppgåver

Leiinga ved den enkelte helseinstitusjonen har ei klar plikt til å syte for eit system som sikrar at nødvendige retningslinjer blir utarbeidd, sett i verk og oppdatert.

Dette betyr at ein som leiar blant anna bør:

- sikre at forholda er tilrettelagt for optimal gjennomføring av tiltaka
- etablere ein god fagleg standard og ein arbeidssituasjon som fremjar kvalitet
- sjå til at infeksjonskontrollprogrammet er oppdatert i samsvar med lover og forskrifter og nasjonale retningslinjer
- gjennomgå praksis for å vurdere om den er i samsvar med tiltaka
- ta ansvar for undervisning og jamleg oppdatering

### Helsepersonellets oppgåver

Helsepersonell skal ifølgje helsepersonellova utføre arbeidet sitt på ein fagleg forsvarleg måte som ein kan forvente ut frå helsepersonellet sine kvalifikasjonar, arbeidet sin karakter og situasjonen elles.<sup>16</sup> For å sikre at ein utfører arbeidet på ein forsvarlig måte bør ein setje seg inn i og følgje dei lokale og nasjonale retningslinjer og råd som blir gitt. Kvar enkelt tilsett har slik sett eit personleg ansvar for sine eigne handlingar og vurderingar.

Ein bør mellom anna følgje retningslinjene for handhygiene og følgje rett metode til rett tid. Slik vernar ein pasientane og seg sjølv mot smitteoverføring og bidrar til god kvalitet på tenestene.

Ein har òg ansvar for å gi melding til overordna, eventuelt verneombod, dersom det er tilhøve som hindrar og svekkar prinsippet om fagleg forsvarleg praksis.

*Nøye etterleving av standardtiltaka er nødvendig for å oppnå eit godt smittevern*

*Helsepersonell skal utføre arbeidet sitt på ein fagleg forsvarleg måte*

<sup>16</sup> Jf. Lov om helsepersonell § 4



## 2.2 Grunnleggjande smitteverntiltak

Grunnleggjande smitteverntiltak er fundamentet for effektiv førebygging og kontroll av infeksjonar i helseinstitusjonar. Omgrepet standardtiltak som blei introdusert i Noreg på slutten av nittitalet, er lite kjent for mange, men innhaldet har røter langt tilbake i tida, og dei enkelte tiltaka bør difor vere godt kjende for alt helsepersonell.

Centers for Disease Control and Prevention (CDC) brukte i 1996 omgrepet "Standard Precautions" i retningslinjene for isolering i sjukehus (10). Seinare blei omgrepet omsett og forklart i Folkehelseinstituttets nyheitsbrev SHE-nytt 2/99. Her blir det beskrive som eit samla omgrep for alle tiltak som tar sikte på å redusere risikoen for overføring av sjukdomsframkallande mikrobar frå kjende og ukjende smittekjelder i helseinstitusjonar. Tiltaka blir retta mot alle pasientar uavhengig av diagnose eller mogleg infeksjonstilstand.

Standardtiltaka var opphavleg eit bestemt sett med tiltak som det var viktig å følgje ved kontakt med pasientar på sjukehus. Etter kvart har omgrepet fått vidare tyding og breiare bruksområde.

Standardtiltaka blir i dag sett på som grunnpilaren i smittevernet i all helseteneste, og gjennomføring av standardtiltak overfor alle pasientar er ein føresetnad for eit effektivt vern mot infeksjonar. Når ein står overfor kjende eller mistenkte infeksjonstilfelle og det er viktig å blokkere smittevegane, skal standardtiltaka supplerast med forsterka tiltak. I dei neste kapitla vil dei ulike standardtiltaka bli omtalt.

Tabellen viser kva for tiltak som inngår i omgrepet standardtiltak, og viser samtidig korleis desse tiltaka er omtalt i forskrifta.

Standardtiltak:	Omtalt i forskrifta § 2-2 a punkt 1 som:
Handhygiene	Handhygiene
Hanskar Munnbind, augevern, visir Stellefrakk, verneforkle	Bruk av verneutstyr som hanskar, munnbind og vernefrakk
Pasientutstyr	Handtering og transport av smittefarleg materiale, inkl. pasientprøver Handtering, reingjering, desinfeksjon og sterilisering av utstyr Sterilforsyning, herunder innkjøp, lagring og transport, reinleiksgard før sterilisering, pakking før sterilisering, sterilisatorar og kontrollrutinar Innkjøp og kontroll av medisinsk utstyr
Miljøkontroll	Alminneleg reinhald Handtering av avfall
Tekstilar	Handtering, reingjering og desinfeksjon av tekstilar (senger og sengeutstyr)
Tiltak for å verne personalet	Førebygging av yrkesbetinga smitte hos helsepersonell, rettleiing i smitteprofylakse og vaksinasjon
Pasientplassering	Ikkje omtalt i forskrifta

Standardtiltaka skal følgjast overfor alle pasientar



Handhygiene er det viktigaste tiltaket mot smitte

### Standardtiltak 1: Handhygiene

Handhygiene er det viktigaste enkelttiltaket for å hindre smitte og førebyggje infeksjonar i helsetenesta. Helsearbeidarar må vere ekstra nøye med utføring av handhygiene fordi dei

stadig kjem i kontakt med sjukdomsframkallande mikrobar og samtidig har nær kontakt med pasientar som er særleg mottakelege for infeksjonssjukdom.

Sjølv om det er vel kjent kor viktig handhygiene er, er manglande etterleving framleis ei utfordring i helsetenesta. Fleire undersøkingar syner at helsepersonell ikkje utfører handhygiene i meir enn halvparten av dei situasjonane der handhygiene er anbefalt (11-14). Dette er det mogleg å gjere noko med.

### Førsteval for handhygiene

Handvask har tradisjonelt vore rekna som ein sikker og god metode for å redusere faren for smitteoverføring. I Nasjonal veileder for håndhygiene, utgitt november 2004, blir handdesinfeksjon presentert som førsteval ved handhygiene (15).

Bakgrunnen for at ein rår til større bruk av handdesinfeksjon, er blant anna at:

- det gir betre og raskare effekt enn handvask
- det er meir skånsamt mot huda
- det er lettare å utføre.

Prinsippa for god handhygiene er enkle:

Utfør alltid handhygiene

- før du tar i noko som skal vere "reint" og
- etter du har tatt i noko som er "skittent".

Bruk handdesinfeksjonsmiddel dersom hendene ikkje er synleg forureina.

Bruk såpe og vatn dersom hendene er synleg forureina.



30 sekund med håndvask



15 sekund med handdesinfeksjon

**Handdesinfeksjon gir raskare og betre effekt enn handvask**

### Standardtiltak 2: Bruk av hanskar

Bruk av hanskar må ha klare føremål. Hanskar skal brukast for å:

- redusere overføring av smittestoff frå pasienten til helsearbeidaren
- redusere overføring av smittestoff frå helsearbeidaren sine hender til pasienten

- redusere risikoen for å overføre smittestoff mellom pasientar
- verne hendene mot skadelege stoff (15)

Ved stell og andre vanlege rutineoppgåver som blir utført hos pasientar utan kjend smittsam sjukdom, vil det i liten grad vere behov for å bruke hanskar. Då er det vanlegvis tilstrekkeleg å utføre god handhygiene.

**Hanskar skal berre brukast ved enkelte oppgåver**

Hanskar skal brukast i utvalde arbeidssituasjonar der ein kan rekne med å komme i kontakt med blod, kroppsvæsker, ekskret, som ved kontakt med sår eller slimhinner eller ved kontakt med forureina utstyr.

**Husk handhygiene når hanskane er tatt av**

Hanskane skal skiftast mellom ureine og reine arbeidsoppgåver, også mellom gjeremål på same pasient etter kontakt med materiale som kan innehalde høge konsentrasjonar av mikrobar (f.eks. avføring, puss). Hanskane skal takast av omgåande etter bruk og før ein tar på reine gjenstandar og nærmiljø, og før pleie eller behandling av neste pasient. Handhygiene skal alltid utførast straks hanskane er tatt av.

Den enkelte institusjonen bør med utgangspunkt i ei risikovurdering lage ei tilråding om når ein skal bruke hanskar og kva type hanskar som bør brukast.

#### **Sterile hanskar**

Sterile hanskar skal først og fremst brukast for å verne pasientane. Dei skal brukast ved kontakt med sterilt område på kroppen, det vil seie når hud- og slimhinnebarrieren er broten, og ved handtering av sterilt utstyr som ved innlegging av urinvegskateter, stell av sentralt venekateter o.l.

#### **Standardtiltak 3: Bruk av munnbind, augevern, visir**

Munnbind, augevern eller visir skal brukast for å verne slimhinner i auge, nase og munn ved prosedyrar der det kan oppstå sprut av blod, kroppsvæsker eller ekskret.

**Bruk munnbind ved fare for sprut av blod eller andre kroppsvæsker**

Bruk av munnbind er spesielt viktig når det er risiko for dråpesmitte. Det kan vere ved pleie og behandling av pasientar med luftvegssjukdommar, eller når ein hjelper nokon som kastar opp som følgje av smittsam mage-/tarminfeksjon. Munnbind blir òg brukt for å hindre at mikrobar frå munn og nase blir overført til sterile område, for eksempel under operasjonar.

Munnbind skal berre brukast i utvalde situasjonar, og skal takast av og kastast straks oppgåva er ferdig. Munnbind skal ikkje brukast fleire gonger.

#### **Standardtiltak 4: Bruk av vernefrakk**

Vernefrakk (stellefrakk) skal brukast for å verne huda og arbeidstøyet mot blod, kroppsvæsker og ekskret. Slikt vern kan vere aktuelt ved handtering av forureina gjenstandar eller i pleie- og behandlingssituasjonar som medfører nær kontakt med kroppsvæsker. Vernefrakk skal takast av straks oppgåva er ferdig.

Eingongsmateriale kan brukast i staden for fleirgongstekstil dersom ein finn det meir hygienisk, føremålstenleg og økonomisk (16-19).

Når pasientar blir isolerte for smittsam sjukdom, skal smittefrakk normalt brukast av alle som går inn på pasientrommet. Smittefrakken skal takast av før ein går ut av isolatet (20).

Enkelte undersøkingar har vist at tilsette som brukar stelle- eller smittefrakk i pleie av infiserte pasientar, kan overføre 20–100 gongar færre bakteriar frå ein pasient til ein annan enn dei som ikkje brukar slikt vern (17,21). Ein vesentleg føresetnad for dette er korrekt bruk.



## Praktiske råd

### Handhygiene

- Oppdater dei lokale retningslinjene for handhygiene slik at desse samsvarer med råda i den nasjonale handhygienerttleiaren.
- Syt for at alle får informasjon og opplæring i riktig handhygiene.
- Syt for at tilhøva for å utføre handhygiene er lagt godt til rette:
  - monter opp tilstrekkeleg med dispenserar for handdesinfeksjon
  - sjå til at det alltid er nok av handdesinfeksjonsmiddel, såpe og papirhandkle
- Motiver til god handhygiene:
  - marknadsfør handhygiene som tema på møte
  - formidle fakta og vitskapleg dokumentasjon
  - ta initiativ til lokal handhygienekampanje

### Bruk av verneutstyr

- Lag ei enkel rettleiing om bruk av hanskar som inneheld moment om:
  - når ein skal bruke hanskar
  - rett bruk av hanskar
  - type hanskar som er tilgjengelege i institusjonen og kva for type bruk dei ulike hansketypane passar for
  - handhygiene ved hanskebruk
- List opp situasjonar som krev bruk av munnbind, augevern og visir.
- List opp verneutstyr som er tilgjengeleg på institusjonen.
- Lag ei enkel rettleiing om korrekt bruk av munnbind.
- List opp situasjonar som krev bruk av stellefrakk og smittefrakk.
- Lag ein enkel instruksjon om korrekt bruk av stelle- og smittefrakkar.
- Etabler ei ordning som sikrar jamleg skifte av frakkar.
- Lag retningslinjer for innkjøp og oppbevaring av utstyr. Smittevern-personell bør takast med på råd før innkjøp av nytt utstyr som har noko å seie for smittevernet. Verneutstyr må vere lett tilgjengeleg for dei som treng å bruke det.

## Standardtiltak 5: Handtering av pasientutstyr

Eit sentralt tiltak for å bryte smittevegar er å syte for at utstyr som blir brukt i arbeid med pasientane, er fritt for sjukdomsframkallande mikrobar. Mikrobar som fleirgongsutstyr kan vere forureina med, må fjernast før utstyret blir brukt på nytt. Dette kan gjerast ved hjelp av tre metodar:

- Reingjering – når utstyr berre kjem i kontakt med heil hud.
- Desinfeksjon – når utstyr kjem i kontakt med slimhinner.
- Sterilisering – når utstyr kjem i kontakt med blod og vev.

Val av metode	Reingjering	Desinfeksjon	Sterilisering
Når mikrobar på utstyret i liten grad aukar risikoen for infeksjonar	x		
Når reduksjon av mikrobar minskar risikoen for infeksjon	x	x	
Når totalt fråvær av mikrobar er nødvendig	x	x	x

**Figur 2.** Val av metode for tilstrekkeleg reinhald av pasientutstyr

### Reingjering

Utstyr som berre blir nytta på heil hud eller som ikkje kjem i kontakt med pasientar, utgjer ein avgrensa risiko for smittespreiing. Denne typen utstyr, eksempelvis blodtrykksmansjettar, kan reingjerast med lunka vatn og reingjeringsmiddel.

### Desinfeksjon

Desinfeksjon blir brukt når utstyr vil komme i kontakt med slimhinner. Utstyr som har blitt forureina med kroppsvæsker, må òg reingjerast og desinfiserast.

Desinfeksjon kan utførast ved hjelp av varme eller ved bruk av kjemiske middel. Desinfeksjon med fuktig varme i eit lukka system, til dømes i spyledekontaminator (bekkenspylar) eller instrumentvaskemaskin, er den sikraste, enklaste og rimelegaste av alle desinfeksjonsmetodar (1). Metoden er i tillegg miljøvennleg og gir ingen plager for brukarane. I dei tilfella utstyret toler fuktig varme, bør ein føretrekkje denne metoden.

Bruken av spyledekontaminatorar og instrumentvaskemaskinar kan representere eit kritisk punkt, og det er avgjerande at det er etablert gode kontrollrutinar som alltid sikrar høg kvalitet på prosessane.

Kjemisk desinfeksjon er aktuelt å bruke på utstyr som ikkje toler varme eller som er av ein slik storleik og konstruksjon at varmedesinfeksjon ikkje er mogleg. Kjemiske desinfeksjonsmiddel skal registrerast og godkjennast før dei blir innførte til landet eller selde til teknisk bruk i helse-tenesta.<sup>17</sup> Oversikt over godkjende desinfeksjonsmiddel og råd for bruk og val av middel finst i eigen rettleiar utgitt av Statens legemiddelverk (22).

### Sterilisering og steriltforsyning

Sterilisering av utstyr er nødvendig når det vil komme i kontakt med normalt sterile område. I praksis tyder det utstyr som inngår i prosedyrar der ein bryt hud- og slimhinnebarrieren eller der utstyret kjem i kontakt med slimhinner som normalt er sterile (23).

Sterilisering av fleirgongsprodukt kan utgjere eit kritisk punkt. Det er avgjerande å etablere gode prosedyrar som alltid sikrar at krava til sterilitet er innfridd. Her inngår kontroll av utstyret etter at det er reingjort og desinfisert, kontroll av ulike funksjonar som til dømes temperatur og tid, samt ein sluttkontroll av produkta. Det er òg viktig å utføre periodisk kontroll ved hjelp av

*Fuktig varme er den sikraste, enklaste og rimelegaste desinfeksjonsmetoden*

*Oversikt over godkjende desinfeksjonsmiddel finn ein i eigen rettleiar på [www.legemiddelverket.no](http://www.legemiddelverket.no)*

*Reingjering og desinfeksjon er nødvendig før sterilisering for å sikre god effekt*

<sup>17</sup> Jf. Forskrifter om kjemiske desinfeksjonsmidler til teknisk bruk i helse- og sykepleie § 1

sporeprøvar (24). Dette er ein kontroll av steriliseringsprosessen der ein brukar levande bakteriesporar som normalt blir drepne under ein steriliseringsprosess.

Utstyr er per definisjon sterilt når sannsynet er lite for at det finst meir enn éin levande og formeiringsdyktig mikroorganisme på ein million artiklar.

Sterilforsyning omfattar alle ledd i bruk og produksjon av sterile produkt, både fabrikksterilisert medisinsk utstyr og produkt som verksemder sjølv steriliserer for eige bruk. I ein sterilforsyningsskjede inngår i tillegg forhold som gjeld transport og lagring av sterile produkt. Det er viktig at verksemder etablerer rutinar som sikrar nødvendig kvalitet på alle ledd i sterilforsyninga.

### **Innkjøp og kontroll av medisinsk utstyr**

Bruk av medisinsk utstyr skal ikkje utgjere auka risiko for den enkelte pasienten. Det er difor nødvendig at alt medisinsk utstyr som blir kjøpt inn, er i samsvar med lov om medisinsk utstyr. Denne lova og tilhøyrande forskrift om medisinsk utstyr set krav til produksjon og omsetjing av utstyret, og gir klare føringar for merking av det enkelte produktet (25,26).

Leiinga bør ved innkjøp be om samsvarserklæring og annan dokumentasjon som er nødvendig for trygg bruk, til dømes bruksretteleing, inkludert rettleing for reingjering og desinfeksjon av utstyret.

## **Standardtiltak 6: Miljøkontroll**

### **Reinhold**

Reinhold er viktig av både estetiske, hygieniske og innemiljømessige grunnar. Regelmessig og korrekt utført reinhold vil redusere opphoping av smittestoff og har dermed ein viss smitteførebyggjande funksjon (23,24). Bruk av standardiserte registreringsmetodar kan vere aktuelt for å kartlegge reinholdskvaliteten. NS-INSTA 800 er ein felles nordisk standard for reinholdskvalitet.

Desinfeksjon av golv og veggflater inngår ikkje i det ordinære reinholdet. Ved søl av smitteførande materiale må flekkdesinfeksjon gjennomførast. Ved sannsynleg forureining av miljøet til dømes ved isolering eller kjend smitte, vil det vere aktuelt å desinfisere større område. Rettleing om reinhold og desinfeksjon i samband med isolering finst i Isoleringsveilederen (20).

### **Reingjering av senger**

Brukte senger og sengklede inneheld mikroorganismar og kan bidra til smittespreiing. For å redusere risikoen for smitteoverføring mellom pasientar, er det viktig å ha gode rutinar for reingjering av senger, sengeutstyr og sengklede. I tilfelle med kjend smitte og ved smitteisolering skal senger og sengeutstyr desinfiserast.

### **Handtering av avfall**

Helseinstitusjonar produserer store mengder avfall. Det aller meste av dette utgjør liten eller ingen smittefare, men det er viktig å skilje ut avfall som kan vere smittefarleg og handtere dette på ein trygg måte som førebyggjer smitte til menneske og miljø.

Alle helseinstitusjonar skal ha skriftlege prosedyrar for handtering av smitteavfall.<sup>18</sup> Desse bør gi rettleing om kva for avfall som skal reknast som smittefarleg, og må bl.a. innehalde rutinar for handtering, emballering, merking, intern transport og lagring. Lokale prosedyrar må oppfylle krava i forskrift om smittefarlig avfall fra helsetjeneste og dyrehelsetjeneste mv. (27).

## **Standardtiltak 7: Tekstilar, inklusiv arbeidsdrakt**

### **Tekstilar**

Sengklede og tekstilar som er forureina med blod, sekret, ekskret eller andre kroppsvæsker, må handterast, emballerast og transporterast på ein slik måte at det ikkje kjem i kontakt med

*Det er viktig å ha gode rutinar for kontroll før, under og etter sterilisering*

*Ved søl av smitteførande materiale skal flekkdesinfeksjon utførast i tillegg til vanleg vask*

*Alle helseinstitusjonar skal ha prosedyrar for handtering av smitteavfall*

<sup>18</sup> Jf. Forskrift om smittevern i helsetjenesten § 2-2 bokstav a

hud eller slimhinner. Dersom reint og ureint tøy ikkje blir forsvarleg handtert, kan det medføre smitte til pasientar og personale (24).

Kritiske punkt kan vere handtering av ureint tøy på avdelingane, midlertidig oppsamling og intern transport. Gode rutinar for dette er viktig. Dersom institusjonen har eige vaskeri, er det viktig å ha etablert skilje mellom reine og ureine soner og rutinar for vern ved handtering av ureint tøy. Andre kritiske punkt kan vere transport, lagring og handtering av reint tøy.

*Tekstilar som blir brukt til pasientar eller tilsette, skal vaskast på 85 grader i minimum 10 minutt*

For at tekstilar som blir brukt i direkte kontakt med pasientar og tilsette skal vere tilstrekkelig reine, er det krav om vask på 85 grader i minimum 10 minutt (16).

Tøy frå pasientar med infeksjonar som krev isolasjon, skal handterast som smitteklede. Korleis det bør gjerast, er mellom anna omtalt i isoleringsrettleiaren (20). Rutinar for handtering av smitteklede kan òg vere aktuelt for tekstilar som er forureina av organisk materiale.

### **Arbeidsdrakt**

Korrekt bruk av arbeidsdrakta er eit viktig ledd i den personlege hygienen i arbeidet med pasientar. Enkelte undersøkingar har vist at kledda til dei tilsette kan overføre ein smittedose frå pasient til pasient som kan vere 50 gongar større enn luftboren smitte (17,21,28).

*Arbeidsdrakt skal vaskast i vaskeri og ikkje bringast med heim for vask*

Det er vesentleg at ein etablerer ein barriere mellom miljøet utanfor og innanfor institusjonen (24). Ved kontaminering med infeksjøs materiale eller ved synleg tilsøling skal arbeidsdrakta skiftast. Arbeidsdrakta bør vere rein kvar dag. Den skal ikkje bringast heim for vask, men vaskast i det vaskeriet som har avtale med institusjonen (16).

Ved stell av pasientar og særleg ved kjend smitte skal arbeidsdrakta vernast av stelle- eller smittefrakk.

## Praktiske råd

### Handtering av pasientutstyr

- Kategoriser pasientutstyr som blir brukt på institusjonen og kontroller at ein brukar korrekt reingjeringsmetode (sjå figur 2).
- I forhold til varmedesinfeksjon bør følgjande omtalast i programmet:
  - rutinar for korrekt bruk av spyledekontaminator og instrumentvaskemaskin
  - rutinar for periodisk kontroll av maskinane
  - rutinar for bruk av desinfeksjonsrommet (skyllerommet)
- I forhold til kjemisk desinfeksjon bør følgjande omtalast i programmet:
  - val av desinfeksjonsmiddel
  - bruksrettleiing
  - kor datablad er å finne
  - oppbevaring av midla
- I forhold til sterilisering bør følgjande omtalast i programmet:
  - val av emballasje for og pakking av utstyr som verksemda steriliserer
  - rutinar for lagring og distribusjon av sterile produkt
  - kvalitetssikring av steriliseringsprosedyren
  - innkjøp av sterilt utstyr

### Miljøkontroll

- Alle institusjonar bør ha ein reinhaldsplan.
- Reinhaldsplanen bør samsvare med nasjonale standardar, og det bør utførast jamlege kontrollar med skriftleg dokumentasjon
- Lokale retningslinjer for reingjering av senger bør omfatte:
  - reingjering av seng, madrass, dyner og puter
  - når desinfeksjon av seng og sengeutstyr er påkravd og korleis dette skal utførast
- Lokale rutinar for handtering av smitteavfall må samsvare med krava i forskrift om smitteavfall. Denne stiller krav i forhold til:
  - oppbevaring, handtering og transport
  - leveringsplikt
  - emballering, merking og dokumentasjon
- Helseteneste som autoklaverer eller desinfiserer smittefarleg avfall, skal ha godkjenning.

### Tekstilar, inklusiv arbeidsdrakt

- Retningslinjer for handtering, reingjering og desinfeksjon av tekstilar bør omfatte:
  - handtering av skittentøy på avdelinga
  - transport til vaskeriet
  - handtering på vaskeriet (dersom verksemda har eige vaskeri)
  - temperaturkrav ved vask av tekstilar
  - handtering, transport og lagring av reint tøy
- Rutinar med omsyn til arbeidsdrakt bør omfatte:
  - krav til bruk av arbeidsdrakt ved institusjonen
  - vask av arbeidsdrakta
- Det er ein fordel om programmet òg omtalar dei tilsettes bruk av smykke.



God etterleving av standardtiltaka vil verne personalet mot smitte



### **Standardtiltak 8: Tiltak for å verne personalet mot smitte**

Kontakten helsepersonell har med pasientar, kan medføre fare for smitteoverføring, både frå pasient til tilsett og frå tilsett til pasient eller mellom tilsette (23). Arbeidsgivar har ansvar for å vurdere risikoen for arbeidsrelatert smitte, og leggje tilhøva til rette slik at risikoen for smitteoverføring til arbeidstakarane blir mest mogleg redusert.<sup>19</sup>

Arbeidstakar har på si side plikt til å gjere seg kjend med og følgje retningslinjene som gjeld ved institusjonen.

Ved å følgje alle standardtiltaka vil personalet vere godt verna mot smitte på arbeidsplassen. Ved handtering av brukt pasientutstyr må ein vere spesielt varsam med kanylar og andre skarpe gjenstandar. Ein skal ikkje setje hetter tilbake på brukte kanylar, men kaste dei direkte i eigne avfallsboksar. Ein bør ikkje fjerne kanylen frå sprøyta og ikkje bøye kanylen med hendene. Avfallsboksen bør forseglast og kastast før den blir fylt heilt opp.

I tillegg til standardtiltaka kan enkelte forsterka smitteverntiltak vere aktuelle for å verne personalet. Dette kan vere:

- førehandsundersøking av arbeidstakarar
- arbeidsrestriksjonar og råd for helsepersonell med allmennfarlege smittsame sjukdommar
- råd med omsyn til smittefare for gravide
- vaksinasjon av helsepersonell

Førehandsundersøking og arbeidsrestriksjonar er regulert i eigne forskrifter:

- Forskrift om tuberkulosekontroll og
- Forskrift om forhåndsundersøkelse av arbeidstakere innan helsevesenet – antibiotikaresistente bakterier

Anbefalingar for dei forholda som er nemnde her, vil ein òg finne i MRSA-rettleiaren, tuberkuloserettleiaren, isoleringsrettleiaren og i Smittevernhandbok for kommunehelsetjenesten (20,29-31).

### **Standardtiltak 9: Pasientplassering**

Direkte og indirekte kontaktsmitte er den vanlegaste smitemåten i helseinstitusjonar (20). Det er difor viktig at pasientar som ein kan rekne med vil forureine miljøet med smittestoff eller som ikkje er i stand til å følgje vanlege hygieniske prinsipp, blir plasserte i einerom for å førebyggje smittespreiing.

Sjukeheimar og andre langtidsinstitusjonar har etter kvart fått betre dekningsgrad av einerom. Men bebuarar på denne typen institusjonar har mykje samvær ved måltida og i andre sosiale samanhengar. Det er difor viktig å tenkje på plassering av enkelte bebuarar i slike sosiale situasjonar for å førebyggje smitte.

På sjukehus kan bruk av korridorsenger og fleirsengsrom auke risikoen for smittespreiing fordi det gjer det vanskeleg for personalet å gjennomføre standardtiltaka på ein god måte (24).

Pasientplassering er ikkje omtalt i forskrifta, men vil vere aktuelt å omtale i infeksjonskontrollprogrammet dersom risikovurderinga viser at det er eit kritisk punkt.

### **Andre tiltak**

Det er viktig å ta stilling til dei tiltaka som er nemnde i forskrifta, fordi dei vil vere aktuelle for dei fleste verksemdar som forskrifta omfattar. Men det er risikovurderinga som til eikvar tid avgjer kva for tiltak som skal inngå i infeksjonskontrollprogrammet. Dersom risikovurderinga viser at andre forhold medfører fare for smitte, så må det utarbeidast skriftleg rutine for handtering av dette.

<sup>19</sup>Jf. Forskrift om vern mot eksponering for biologiske faktorer (bakterier, virus, sopp m.m) på arbeidsplassen §§ 7-9

## Praktiske råd

### Vern av personalet

Døme på førebyggingstiltak som bør omtalast i programmet, er:

- Førebygging av blodsmitte:
  - rutinar for å hindre stikkskadar
  - tiltak ved blodsmitteuhell
- Vaksinasjon og helseundersøkingar, som
  - rutinar for influensavaksinasjon
  - rutinar for hepatitt B-vaksinasjon
  - rutinar for MRSA-undersøking
  - screening ved MRSA-eksponering
  - restriksjonar for tilsette ved enkelte infeksjonssjukdommar eller tilstander, som:
    - diaré
    - sår og/eller infeksjonar på hendene

### Pasientplassering og andre forhold

- Vurder risikoen for smitteoverføring ved plassering av pasientar, når det gjeld val av rom, plassering av seng og i forhold til omgang med andre pasientar på avdelinga.
- Vurder om det er andre forhold ved drifta som medfører smittefare.

## 2.3 Spesifikke tiltak

### *Førebygging og kontroll av urinvegsinfeksjonar*

Infeksjonar i urinvegane (UVI) utgjer den største gruppa av infeksjonar både i sjukehus og i langtidsinstitusjonar. Eindagsundersøkingar (prevalensundersøkingar) utført i 2004 viste at 1,9 % av pasientane på sjukehus og 3,6 % av bebuarane i institusjonar for eldre hadde UVI. Av dei infeksjonane som blei registrert, utgjorde UVI 32 % og 54 % høvesvis for sjukehus og institusjonar for eldre (32).

Instrumentering av urinvegane og særleg innføring av urinvegskateter utgjer den klart største risikoen for utvikling av infeksjonar i urinvegane. For å kunne førebyggje urinvegsinfeksjonar er det difor viktig å fokusere på kritisk, men samtidig korrekt bruk av kateter og instrumentering av urinvegane.

### *Førebygging og kontroll av postoperative sårinfeksjonar*

Postoperative sårinfeksjonar førekjem hyppig i både sjukehus og langtidsinstitusjonar. Prevalensundersøkingar av postoperative sårinfeksjonar hos pasientar som hadde gjennomgått operative inngrep hausten 2004, viste ein førekomst på 6,7 % for pasientar på sjukehus og 13,0 % for bebuarar på institusjonar for eldre (32).

To undersøkingar som blei utførte i England og Danmark viste at sårinfeksjonar som oppstod etter kirurgi, forlenga opphaldet med høvesvis 5,7 og 8,2 dagar (33,34). Å rekne ut meirkostnadane ved postoperative sårinfeksjonar er komplisert. For den enkelte pasienten handlar det om ekstra påkjenning og otte som ikkje lét seg kostnadsrekna.

*Kritisk og korrekt bruk av urinvegskateter er viktig for å førebyggje urinvegsinfeksjonar*

Førebyggingstiltaka må tilpassast den enkelte verksemda. Det inneber at sjukehus og dagkirurgiske einingar som utfører operativ verksemd, bør ha prosedyrar som omhandlar sentrale tiltak som reduserer risikoen for at det oppstår infeksjon. Institusjonar for eldre og rehabiliteringsverksemder bør ha rutinar for postoperativ handtering av kirurgiske sår og rutinar for handtering av sårinfeksjonar som opptrer som komplikasjon etter operasjonar.

Frå og med 1. september 2005 er sjukehus og dagkirurgiske klinikkar pålagt å registrere infeksjonar som komplikasjon etter operative inngrep.<sup>20</sup> Meir om dette i kapittelet om overvaking.

### **Førebygging og kontroll av nedre luftvegsinfeksjonar**

Infeksjonar i luftvegane er ei stor utfordring både på sjukehus og i institusjonar for eldre. Dei fleste nedre luftvegsinfeksjonane som oppstår på institusjonar, er pneumoniar.

Prevalensmålingar utført i 2004 viste ein førekomst på 1,6 % for sjukehus og 1,3 % i institusjonar for eldre. Av dei registrerte infeksjonane utgjer nedre luftvegsinfeksjonar 19 % av alle infeksjonar i institusjonar for eldre (32).

Ved intensivavdelingar er førekomsten av nedre luftvegsinfeksjonar 2–5 gongar høgare enn ved andre sjukehusavdelingar. Pasientar med pneumoni får i gjennomsnitt forlenga sjukehusopphaldet med 6–9 dagar, og endå meir ved behandling i respirator.

Førebygging av luftvegsinfeksjonar omhandlar både tiltak for å redusere risikofaktorane for utvikling av infeksjon og tiltak for å hindre spreieing av smittestoff. Eit viktig mål er å hindre at smitte blir overført via utstyr og direkte frå personale til pasient. Kritiske punkt for smitteoverføring kan vere intubering og respiratorbehandling, behandling med oksygenutstyr og med pariapparat.

Det er óg viktig å styrke immunforsvaret hos den enkelte. Vaksinerings mot influensa har vist seg å vere eit effektivt tiltak. Pneumokokkvaksine er óg aktuelt (31). Bebuarar i sjukeheimar blir rådde til å la seg vaksinere før influensasasjonen kvar haust. Helsepersonell som tar hand om pasientar i risikogrupperne, bør óg la seg vaksinere for å førebyggje smitte frå personalet til pasientane (31).

Ca. 20 % av dei årlege funna av tuberkulose i Noreg er eldre personar av norsk opphav som blei smitta i ungdommen. Når eldre har symptom på nedre luftvegsinfeksjonar og responderer dårleg på behandling, bør ein tenkje på tuberkulose. Det er viktig å utgreie pasientar for tuberkulose tidleg, og ikkje vente til ein har behandlingssvikt, når ein veit eller sterkt mistenkjer at pasientane tidlegare i livet har vore utsette for smitte. Pasientar som ein mistenkjer har smitteførande tuberkulose, skal isolerast på sjukehus (29).

Kvar kommune skal ha eit tuberkulosekontrollprogram som ein del av smittevernplanen sin.<sup>21</sup> I den enkelte institusjonen sitt infeksjonskontrollprogram kan ein med fordel vise til kommunens tuberkulosekontrollprogram når det gjeld tiltak i samband med tuberkulose.

### **Førebygging og kontroll av intravaskulære infeksjonar og septikemiar**

Utstyr som blir brukt intravaskulært, representerer ein inngangsport for mikroorganismar inn i blodbanen. Kateterassosierte infeksjonar kan vere lokale eller systemiske. Bruk av perifere venekanylar kan resultere i ein lokal flebitt. Årsaka kan vere infeksiøs, men i mange tilfelle skuldast infeksjonen ein mekanisk eller kjemisk irritasjon.

Sepsis i samband med intravenøs terapi har i undersøkingar vist seg å forlengje sjukehusopphald med 7–8 dagar i gjennomsnitt (35,36). Dødeleg utgang som følgje av infeksjonar i

<sup>20</sup> Jf. Forskrift om innsamling og behandling av helseopplysningar i Norsk overvåkingssystem for infeksjoner i sykehustjenesten (NOIS-registerforskriften)

<sup>21</sup> Jf. Forskrift om tuberkulosekontroll § 2-1

blodbanen har blitt angitt å vere 50 % høgare når infeksjonane oppstår på sjukehus enn når tilsvarande infeksjonar oppstår utanfor sjukehus (17,37). I nasjonal prevalensmåling utført hausten 2004 utgjorde septikemi 11 % av dei infeksjonane som blei registrerte ved somatiske sjukehus (32).

For å førebyggje intravaskulære infeksjonar er det viktig å nøye vurdere indikasjonane for intravenøs behandling og det bør utarbeidast prosedyrar som bl.a. omfattar huddesinfeksjon før innlegging av intravaskulære kateter, stell og skifte av kateter.

Bruk av og problemstillingar knytte til intravaskulære kateter gjeld i størst grad sjukehus og dagkirurgiske klinikkar. Intravenøs terapi av pasientar innlagt på sjukeheimar er etter kvart blitt meir vanleg, og tiltak for førebygging og kontroll av intravaskulære infeksjonar er relevant i det omfanget slik terapi blir utført.

### ***Førebygging og kontroll av hudinfeksjonar***

Det kan vere naturleg å skilje mellom infeksjonar i hud oppstått etter operative inngrep og andre hudinfeksjonar, til dømes infeksjonar i sår som er oppstått av andre årsaker som trykkskade, insuffisient venøs eller arteriell sirkulasjon, og liknande.

Omfanget av hudinfeksjonar er monaleg større på institusjonar for eldre enn på sjukehus. Resultat frå prevalensundersøkingar viste at hudinfeksjonar utgjorde 23 % av registrerte infeksjonar på sjukeheimar i 2004 (32).

Førebyggingsstrategien må vere tosidig. For det første må behandlinga og pleia ha som mål å redusere risikoen for at det kan oppstå sår og rifter i huda. Ved etablert infeksjon i hudsår er det viktig å gjennomføre standardtiltaka som ledd i å hindre endogen smitte og unngå smitteoverføring til andre pasientar.

### ***Vurder nøye indikasjonane for intravenøs behandling***



## Praktiske råd

### Urinvegsinfeksjoner

- Utarbeid indikasjoner for bruk av urinvegskateter.
- Lokale prosedyrer bør blant annet omfatte:
  - standard metode for kateterisering
  - kateterstell
  - ulike typer kateter og drenasjesystem og frekvens for skifte
  - alternative metoder for oppsamling av urin
- Andre prosedyrer som kan være aktuelle:
  - medikamentell forebygging av UVI
  - indikasjon og rutine for prøvetaking

### Postoperative sårinfeksjoner

- Lokale prosedyrer bør blant annet omhandle:
  - prøvetaking
  - preoperativ hårfjerning og hudinfeksjon
  - profylaktisk bruk av antibiotika
  - innslusing av personale og pasienter
  - stell av operasjonssår
- Gjennomfør regelmessig undervisning i forebygging av postoperative sårinfeksjoner, med blant annet tema om:
  - optimal handhygiene, inklusiv kirurgisk handhygiene
  - adekvat framferd i operasjonssal
  - behandling og pleie av nyopererte pasienter

### Nedre luftvegsinfeksjoner

- Lokale prosedyrer bør blant annet omfatte:
  - reingjøring og desinfeksjon av:
    - anesthesiutstyr
    - respirator med tilhørende utstyr
    - utstyr til bruk ved oksygenbehandling, pariapparat og annen utstyr som blir brukt i luftvegane
  - sentrale prinsipper ved stell av luftvegane
  - vaksinasjon av pasienter og eventuelt tilsette
  - tiltak som forebygging av aspirasjon til lungene

### Intravaskulære infeksjoner og septikemier

- Når intravenøs behandling blir utført, bør det finnes prosedyrer som omhandler:
  - innlegging og stell av perifere og sentrale venekateter
  - innlegging og stell av lokale og sentrale arteriekateter
- Gjennomfør strenge indikasjoner for bruk av invasive inngrep i blodbanen.
- Berre trent personale skal legge inn og stelle intravaskulære kateter.

### Hudinfeksjoner

- Institusjonen bør ha rutiner for identifisering av pasienter som er utsette for å utvikle sår.
- Alle verksemdere bør ha skriftlige rutiner for hygieniske prinsipper ved sårbehandling.

## Alvorlege infeksjonar framkalla av antibiotikaresistente bakteriar

Ei utvikling med auka førekomst av bakteriar som er motstandsdyktige (resistente) mot antibiotika, medfører meir lidning og auka risiko for komplikasjonar for pasientane og auka bruk av ressursar for helsetenesta. Ein konsekvens av auka resistens er at politikken for antibiotikabruk må endrast fordi ein ikkje lenger kan stole på empirisk behandling med dei gamle preparata.


Problem med resistente mikrobar breier om seg på verdsbasis, men òg i Noreg er det ein aukande førekomst av mikrobar som er resistente mot antimikrobielle lækjemiddel.

Eksempel på problem med resistente bakteriar som ein òg ser i Noreg, er: Gram-negative bakteriar med ekstendert spektrum betalaktamase (ESBL), resistente tuberkelbasillar, penicillinresistente pneumokokkar (PRP) og meticillinresistente gule stafylokokkar (MRSA).

Det er viktig å vere merksam på tiltak som kan hindre ei vidare utvikling og spreiging av resistente bakteriar. I infeksjonskontrollprogrammet må ein ha med tiltak som samsvarar med nasjonale råd. Per i dag føreligg dette for førebygging av infeksjonar med MRSA.

### MRSA (meticillinresistente *Staphylococcus aureus*)

Førekomsten av meticillinresistente gule stafylokokkar har auka i alle verdsdelar, og i Europa er MRSA no endemisk til stades i dei fleste land. I enkelte land er opp mot halvparten av *S. aureus*-isolat i blodkultur meticillinresistente. Førebels er problema mindre uttalt i landa i Norden og i Nederland. Her ligg andelen MRSA av *S. aureus*-isolat frå blod under 3 % (38). Frå 2000 fram til 2005 har talet på registrerte pasientar med MRSA-infeksjon i Noreg auka frå 67 til 259. I 2005 blei òg kolonisering med MRSA meldepliktig. 201 koloniseringar blei melde i løpet av året, slik at samla tilfelle av MRSA i 2005 vart 460 (39).



**Figur 3:** Andel MRSA i blodkultur med *S. aureus* i europeiske land i 2004

Kjelde: *The European Antimicrobial Resistance Surveillance System (EARSS)* (38)

I dei seinare åra har ein i Noreg og andre land sett ei endring i epidemiologien med ein aukande førekomst av MRSA utanfor helseinstitusjonar. Vidare er det ein klar auke i varsla utbrot med MRSA på sjukeheimar. Dersom førekomsten av MRSA blir stor, må praksisen for val av antibiotika endrast. Dette vil gi auka kostnader og kan i seg sjølv føre til auka resistensutvikling.

**Resistente mikrobar er eit aukande problem**

**I seinare tid har det vore ein klar auke i talet på MRSA-utbrot på sjukeheimar**

Det er utarbeidd ein nasjonal rettleiar for å førebyggje MRSA-infeksjonar. I utarbeiding av lokale prosedyrar tas utgangspunkt i denne. MRSA-rettleiaren omhandlar blant anna: screening av pasientar og tilsette, førehandsundersøking av arbeidstakarar, sanering, isolering og miljøtiltak.

### **Bruk av antibiotika**

Det stadig aukande problemet med resistente bakteriar heng nøye saman med unødige og feil bruk av antibiotika. Helsetenesta kan i stor grad påverke denne utviklinga med fornuftig omgang med antibiotika. Alle institusjonar som blir omfatta av forskrifta, skal ha skriftlege retningslinjer for bruk av antibiotika.

Nasjonale anbefalingar som er gitt i rettleiarane Antibiotika i allmennpraksis (40) og Bruk av antibiotika i sykehus (41) samt i Norsk legemiddelhandbok (42), bør liggje til grunn ved utarbeiding av lokale retningslinjer. Ideelt bør dei lokale retningslinjene for bruk av antibiotika òg baserast på informasjon om:


- type infeksjonar ved institusjonen (data frå lokal overvaking)
- lokale resistensmønster (ei oversikt kan lagast ved å gå igjennom prøvesvar frå laboratoriet)
- forbruk av antibiotika (innkjøpsdata frå apotek, samt gjennomgang av lokal forskrivningspraksis)

### **Isolering**

Isolering av pasientar i sjukehus og på institusjonar vil i visse situasjonar vere eit viktig tiltak for å redusere risikoen for spreiding av smittestoff mellom pasientar eller frå ein infeksjons pasient til personale.

For den det gjeld inneber isolering både avstenging og avsperring frå omverda, og kan utvil-samt opplevast som vanskeleg. I gitte situasjonar kan isolering òg vere skadeleg for pasienten. Bruk av isolering med dei negative konsekvensane det får for pasienten, må difor nøye vegast opp mot konsekvensane ved å la vere å isolere.

#### Smittekjeden



Konsekvensane ved ikkje å isolere er avhengige av eigenskapane ved:

- smittekjelda, for eksempel pasienten si åtferd
- smittestoffet, som virulens, patogenitet (evne til å skape sjukdom) og smittedose
- smittevegen, som luft-, dråpe- og kontaktsmitte
- smittemottakar, for eksempel medpasientane sitt infeksjonsforsvar

Nokre gonger vil god etterleving av standardtiltaka vere tilstrekkeleg, og isolering kan difor unngåast. Ein føresetnad kan vere at pasienten forstår og er i stand til å følgje nødvendige tiltak. I enkelte situasjonar må ein på langtidsinstitusjonar fråvike regelen om isolering fordi bebuaren mentalt ikkje er i stand til å samarbeide om smitteverntiltaka (30).

Andre gonger kan smittestoffet framkalle alvorlege infeksjonar og/eller smittar spesielt lett, slik at isolering difor er nødvendig. Det kan òg vere at pasientane har så nedsett infeksjonsforsvar at dei av den grunn treng auka vern.

Eit eksempel på situasjonar der isolering bør vurderast, er ved tilfelle av gastroenteritt der norovirus er mistenkt som årsak. Då kan tidleg isolering av dei første tilfella hindre eit større utbrot. Konsekvensane kan bli store fordi viruset smittar ekstremt lett og fordi komplikasjonane kan vere alvorlege for pasientar med nedsett allmenntilstand. Har ein fleire som er smitta med same agens, kan dei sjuke isolerast i ei felles eining (kohortisolering) for å redusere risikoen for smitte til resten av institusjonen.

Den nasjonale Isoleringsveilederen *Bruk av isolering av pasienter for å forebygge smittespredning i helseinstitusjoner* bør brukast som grunnlag ved utarbeiding av lokale prosedyrar (20).

### **Krav til luftkvalitet**

Enkelte institusjonar har lokale der det blir stilt auka krav til luftkvaliteten. Dette gjeld bl.a. for verksemder som utfører kirurgi eller isolering etter luftsmitteregime. Slike institusjonar må føre kontroll med ventilasjonen i dei aktuelle romma.

Krava til ventilasjonen i operasjonsrom skal mellom anna sikre:

- at tilført luft er tilstrekkeleg fri for mikrobar
- at mikroberberande partiklar som blir generert i operasjonsrommet, blir fjerna
- at lufta i operasjonsområdet i minst mogleg grad strøymer frå personar mot operasjonssår
- at det ikkje er undertrykk i operasjonsrom slik at mikrobar blir tilført frå miljøet omkring (43).

Statens helsetilsyn gav i 1997 ut eit rundskriv med retningslinjer for mikrobiologisk kontroll av luft i operasjonsrom (43). Retningslinjene omtalar mellom anna grenseverdier for mikrobetal i lufta. Desse representerer ikkje absolutte krav, men er meint som tilrådde verdier.

### **Praktiske råd**

#### **Antibiotikaresistente bakteriar**

- For å hindre spreiding av resistente mikrobar er det viktig å følgje standardtiltaka overfor alle pasientar.
- Alle helseinstitusjonar bør inkludere tiltak for handtering av MRSA i sitt infeksjonskontrollprogram. Følg råda i MRSA-rettleiaren.
- I infeksjonskontrollprogrammet kan ein vise til plan for førebygging av tuberkulose i den kommunale smittevernplanen.

#### **Bruk av antibiotika**

- Lokale retningslinjer bør ta utgangspunkt i nasjonale eller regionale tilrådingar, som:
  - Bruk av antibiotika i sjukehus
  - Antibiotika i allmennpraksis
  - Norsk legemiddelhåndbok for helsepersonell
- Det bør utarbeidast retningslinjer for prøvetaking og innsending av prøvar.
- Kvar institusjon bør vurdere å systematisk samle inn og gjennomgå prøvesvar og samanstille desse med den antibiotikabehandlinga som er gitt for dei ulike infeksjonstypene.

#### **Isolering**

- Ved smittsam sjukdom må ein vurdere om det er indikasjon for isolering. Dersom isolering er nødvendig, er det viktig at den blir sett i verk straks.
- Bruk standardtiltaka som basis for alle isoleringstiltak.
- Vurder kohortisolering dersom fleire er smitta med same agens.
- Utarbeid lokale prosedyrar for:
  - indikasjon for isolering
  - aktuelle isoleringsregime
  - val av rom og utstyr
  - korrekt bruk av verneutstyr
  - handtering av kontaminert utstyr og avfall
  - informasjon til pasientar og pårørande ved isolering
- Syt for at alle personalgrupper som har arbeidsoppgåver på isolatet, får tilstrekkeleg informasjon.

#### **Krav til luftkvalitet**

- Talet på personar i eit rom, graden av aktivitet og rørsle og påklednad vil verke inn på mikrobetalet i lufta og dermed på luftkvaliteten. Avklar om det er påkravd å utføre mikrobiologisk kontroll av lufta.
- Avklar metode. Kontakt kompetansesenteret i sjukehushygiene i regionen.
- Utarbeid prosedyre for metoden.
- Etabler rutinar for rapportering av resultatata.
- Nye operasjonsrom skal kontrollerast/validerast før bruk.



## 2.4 Infeksjonsovervaking

### Lokal overvaking

Overvaking av sjukehusinfeksjonar er ein sentral del av eit infeksjonskontrollprogram. I smittevernforskrifta står det at institusjonar skal ha eit system for overvaking av infeksjonar. Systemet skal gi leiinga nødvendig oversikt over førekomsten av infeksjonar som følgje av opphald i institusjonen.<sup>22</sup>

Overvaking er i forskrifta definert som vedvarande systematisk innsamling, samanstilling, analyse og tolking av data om infeksjonar og spreiding av informasjon, slik at nødvendige smitteverntiltak kan iverksettast.<sup>23</sup>

Infeksjonsovervaking inngår som ein del av den interne kvalitetskontrollen. Ulike studiar er samstemt i at overvaking av infeksjonar på helseinstitusjonar er assosiert med færre infeksjonar enn om det ikkje blir utført overvaking med tilbakemelding (9,17,44,45).

Det bør utarbeidast ei risikovurdering som basis for det lokale overvakingssystemet. Ut frå ulikt innhald og omfang av tenestene kan ein ikkje stille same krav til kartlegging av infeksjonar ved sjukeheimar som ved større institusjonar med operativ verksemd.

